



Når Gud sender pest – i Det gamle testamentet

Ein semantisk analyse

When God sends the plague – in the Old Testament

A Semantic Analysis

Magnar Kartveit

Professor emeritus, VID vitenskapelige høyskole

magnar.kartveit@lyse.net

Samandrag

Det hebraiske ordet **דָּבָר** blir i Bibel 2011 gjengitt med «pest». Ein semantisk analyse viser at ordet ikkje har tydingar som refererer til smittsam sjukdom, men til brå død. I somme tekstar er ordet tilnærma synonymt til *Resjef* og *Qeter*, som i utanomisraelittiske tekstar refererer til guddomar eller demonar. Også i den hebraiske teksten ligg ei slik forståing av **דָּבָר** nær, og det ville difor vera omsetjingsteknisk på sin plass å søkja andre gjengivingar av det hebraiske ordet.

Nøkkelord

דָּבָר, Pest, Semantisk analyse

Abstract

The Hebrew word **דָּבָר** is in the Norwegian translation from 2011 rendered as pest, «pestilence, plague». A semantic analysis of the word in Hebrew demonstrates that it has no senses that could refer to some contagious disease, like pestilence or plague. More likely, it refers to imminent death. In some texts, it is used as a parallel to «Resheph» or «Qeter», which in texts outside the Hebrew Bible refer to divinities or demons. In the Hebrew text, a similar understanding of **דָּבָר** lies at hand, and it would be desirable to seek different renderings for the Hebrew word.

Keywords

דָּבָר, Pestilence, Plague, Semantics

Når Gud sender pest – kva sender han då?¹

Svaret på det spørsmålet er ikkje lett å finna, for dei forskjellige tekstane om pest har ingen framstillingar av korleis plaga oppstår, utviklar seg eller endar. Det er ingen omtale av fenomenet sjølv, av forløp, symptom eller legemiddel. Aron og David kan stoppa pesten ved å ofra, men det gir oss inga hjelp til å forstå sjølve pesten. Ei plage som kan ramma menneske, klede og hus, er breitt omtalt i Leviticus 13–14, men pesten får ingen tilsvarande omtale som kan hjelpa oss til å få eit inntrykk av denne plaga. Det viktigaste vi har å halda oss til, er sjølve ordet. «Pest» er den norske omsetjinga, og vi må gå til grunnteksten for å finna kva for referanse eller referansar ordet har.

1. Takk til dei to anonyme fagfellane sine kommentarar, som er innarbeidde i artikkelen.

I den hebraiske Bibelen finn somme leksika to røter, דָּבַר I, «pest», og דָּבַר II, «torn». Det er her ikkje nødvendig å gå inn i diskusjonen om røter i hebraisk, og i det fylgjande vil berre דָּבַר I bli behandla.

Det er naturleg å bruka Bibel 2011 som inngang til temaet, utan at refleksjonen her er retta mot denne omsetjinga spesielt; ho byggjer på ein lang tradisjon. I Bibel 2011 gjengir «pest» det hebraiske ordet דָּבַר i alle dei 48 tilfella der ordet er brukt i den hebraiske Bibelen. I tillegg gjengir «pest» i Bibel 2011 det hebraiske uttrykket מַכָּה רָבָה, «eit hardt slag» (Num 11,33), ordet מַגֵּפָה, «slag» (Num 14,37; 16,48 [TM²: 17,13], 16,49 [TM: 17,14].50 [TM: 17,15]; 25,8.9.18.19; 31,16; 2 Sam 24,21.25; 1 Krøn 21,22; Ps 106,29.30), ordet נִגְיָה, «slag» (Num 16,46 [TM 17,11].47 [TM 17,12]), og ordet רֶשֶׁף, «flamme, glød» (Deut 32,24; Hab 3,5). Både מַגֵּפָה og נִגְיָה er laga av rota נָגַף, som betyr «å slå», og מַכָּה er laga av rota נָכַח, som også betyr «å slå». רֶשֶׁף er ofte oppfatta som namn på ein guddom eller ein demon.

Om ein skal tippa, og det må ein av og til, har Bibel 2011 brukt «pest» for dei hebraiske orda מַכָּה, מַגֵּפָה, נִגְיָה og רֶשֶׁף der konteksten er prega av דָּבַר, eller der 78/85-omsetjinga hadde innført ordet. I staden for å variera mellom «pest», «slag» og «flamme», har ein valt å gjengi TM slik at det blir tydeleg at det i desse samanhengane dreier seg om «pest». Dette er eit eksempel på at ei omsetjing av og til presiserer meir enn grunnteksten legg opp til.

דָּבַר blir i det moderne og viktig leksikonet HALOT omsett utan reservasjon med «bubonic plague», «byllepest».3 Bak HALOT står den nyaste versjonen av Koehler-Baumgartners *Lexicon in Veteris Testamenti libros* (KBL)4, som omset med «Beulenpest», ei omsetjing som HALOT vidarefører. Det er påfallande at דָּבַר i KBL-tradisjonen har blitt presisert til «byllepest», når materialet tilseier ei forsiktigare tilnærming enn ein sjukdom som sprer seg ved bakteriar. Denne omsetjinga går tilbake til Wilhelm Gesenius frå tidleg 1800-tal, som omset med *Pest*, og dette er ført vidare av Gesenius' 18. utgåve: «Pest».5 I tradisjonen frå Gesenius står også BDB, som omset «plague, pestilence in general».6 På norsk refererer «pest» til ein infeksjon som er forårsaka av ein bakterie og brer seg gjennom smitte. Eit eksempel er svar-tedauden.7 Spørsmålet er om det er treffande at alle leksika og Bibel 2011 brukar «pest» der GT brukar דָּבַר. GT gir ikkje ein omtale av denne lidinga, og det er påfallande i lys av tekstar som skildrar sjukdom.

Ei viss form for plage (צָרָעָה) er utførleg omtalt i Leviticus 13–14, som eg vil nemna spesielt med tanke på om det her er nemnt smitte. Denne plaga kan ramma menneske, klede og hus, og blir i Bibel 2011 omsett med «hudsjukdom», «mugg» og «sopp». Tidlegare vart ordet omsett med «spillsykja» eller «hudsjukdom». Omtalen av plaga stemmer ikkje med spedalskesjukdom, også kjent som Hansens sjukdom, oppkalla etter den norske forskaren Gerhard Armauer Hansen, som oppdaga leprabasillen i 1873. Forskarar går ut frå at leprabasillen kom til Midtausten i tida like før Kristus, og derfor kan det vera korrekt å omsetja det greske uttrykket λεπρός i NT med «spedalsk».

2. TM er forkorting for *textus masoreticus*, eit uttrykk laga på bakgrunn av at dei som gav den hebraiske teksten vokalar, aksentar og merknader, blir kalla masoretar.

3. HALOT = *The Hebrew and Aramaic Lexicon of the Old Testament*, ved Ludwig Koehler og Walter Baumgartner, oversett og redigert under vegleiing av M.E.J. Richardson (Leiden: Brill, 1994), s.v. דָּבַר.

4. Ludwig Koehler og Walter Baumgartner, *Hebräisches und aramäisches Lexikon zum Alten Testament* (3., nybearbeidde oppl. v/Walter Baumgartner; Leiden: Brill, 1967–1996).

5. Wilhelm Gesenius, *Hebräisches und aramäisches Handwörterbuch über das Alte Testament* (17. oppl.; Berlin / Göttingen / Heidelberg: Springer, 1962; 18. oppl. bearbeidet og utg. av D. Rudolph Meyer og Herbert Donner (Berlin etc.: Springer, 1987–2012), s.v. דָּבַר.

6. Francis Brown, S.R. Driver og Charles Briggs, *A Hebrew and English Lexicon of the Old Testament* (Oxford: Clarendon Press, 1979), s.v. דָּבַר.

7. *Store Norske Leksikon*, s.v. «pest», <https://sml.sn.no/pest>, lese 26. mai 2023.

Når det gjeld plaga i Leviticus 13–14, er det ingen som veit kva ho var; sikkert er det at den gjorde menneske, klede og hus ureine, slik at folk ikkje kunne delta i gudstenesta. Dette er hovudpunktet i den jødiske rabbinaren Julius Preuss' omtale frå tidleg i det 20. hundreåret, og han legg til: «Thus, the interpretation that *tzaraath* is leprosy is at best a diagnosis of probability. Indeed it shares this lot with a large number of names of illnesses from antiquity. The most cautious approach is to consider *tzaraath* in the sense of a 'collective name'.»⁸ Sosialantropologen Mary Douglas er open for at Leviticus 13–14 kan omtala forskjellige sjukdomar, men gjer merksam på ein viktig forskjell mellom spedalsksjuka-diagnosen og צָרַעַת : «Thinking exclusively of our experience of the medically identified leprosy we tend to suppose that the affliction was incurable and fatal. However, this is not Leviticus' view. It assumes that the leper [ho brukar uttrykket fordi det er vanleg, ikkje fordi det skulle vera medisinsk korrekt] leaves the community, and comes back when the sores are dried up [...].»⁹

GT har forskrifter om karantene for hus, klede og menneske som var ureine ifylgje Leviticus 13–14. Det er viktig at menn og kvinner skulle kunna delta i gudsdyrkinga i templet, og då måtte dei vera reine. Karantene og ofring kom inn som hjelpemiddel dersom dei var ureine. Ureinskap kunne overførast mellom menneske og frå dyr til menneske, men dei tenkte den gong ikkje på smitte i moderne forstand. Det er lite sannsynleg at Bibelen visste om smitte i vår forstand: spreiding av virus eller bakteriar. Dei hippokratiske skriftene frå 400-talet f.Kr. i Hellas brukar ordet μύσμος, «forureining», om dunstar i lufta som kunne skapa ubalanse i menneska og forårsaka sjukdom, og denne teorien heldt seg heilt fram til han vart avløyst av kunnskap om mikrobane på 1800-talet.¹⁰ GT tenkte ikkje i «naturvitskapleg» retning om smitte i form av μύσμος-er eller bakteriar. Sjølv om forskriftene er omstendelege og inneber karantene, er det lite som tydar på at ein tenkte på μύσμος-er eller på smitte i vår forstand.

Om ein samanliknar tekstane om דָּבַר med forskriftene i Leviticus 13–14, er det påfallande kor forskjellige dei er. Dette kan koma av at Leviticus 13–14 dreier seg om kultisk reinskap, medan tekstane med דָּבַר er del av domsord eller forbanningar. Om ein tar dette atterhaldet, er det interessant at דָּבַר ikkje er beskrive i det heile, men צָרַעַת har fått lange og utførlege omtalar som skildrar fenomenet, forløpet, karantenen, offera og teikn på at lidinga har tatt slutt. Utan å kunna gå nærare inn på andre tekstar som nemner sjukdom i GT, kan vi seia at same forskjellen finst i andre tilfelle også, og at דָּבַר er spesielt ved å mangla nærare omtale. Tekstane om דָּבַר gir ingen indikasjonar på at denne plaga kunne spreia seg eller ta slutt. Forskjellen til plaga i Leviticus 13–14 er påfallande.

Forklaringa på dette fenomenet kan liggja i ordet sjølv, og det kan vera nyttig å underkasta det ein semantisk analyse.

Innanfor lingvistisk forskning er semantisk analyse den vanlege metoden for å finna tydingar og referansar for eit ord, slik at ein kan bestemma meininga i kvart brukstilfelle.¹¹ I norsk samanheng har særleg Anders Jørgen Bjørndalen levert bidrag på dette området.¹² Seman-

8. Julius Preuss, *Biblical and Talmudic Medicine* (red. F. Rosner; Northvale, NJ / London: Jason Aronson, 1993), 325–26.

9. Mary Douglas, *Leviticus as Literature* (Oxford etc.: Oxford University Press, 1999), 184.

10. Stig S. Frøland, *Kampen mellom mennesket og mikrobene* (Oslo: Dreyer, 2020), 20; Nils Uddeberg, *Medisinens historie: Lidelse og helbredelse* (Oslo: Dreyer, 2018), 122.

11. John Lyons, *Linguistic Semantics: An Introduction* (Cambridge etc.: Cambridge University Press, 1995).

12. Anders Jørgen Bjørndalen, *Untersuchungen zur allegorischen Rede der Propheten Amos und Jesaja* (BZAW 165; Berlin etc.: de Gruyter, 1986).

tisk analyse har også kome i andre separate studiar til forskjellige leksem; mine bidrag er til konstruktuttrykk med בַּת og בְּתוּלָה som nomen regens, og til בְּרִיתָ. ¹³ På 1990-talet kom eit internasjonalt initiativ for semantisk analyse av gammalhebraiske ord.¹⁴ To store studiar har blitt publisert i dette prosjektet.¹⁵ Desse forskjellige initiativa og forskingsbidraga er berre ein start, og *Semantics of Ancient Hebrew Database* er tenkt «to provide a structured and critical survey of scholarly literature on the vocabulary of classical Hebrew».¹⁶ Medan vi ventar på fleire bidrag i dette ambisiøse prosjektet, kunne vi hatt hjelp av noko som likna Johannes P. Louw og Eugene A. Nida sitt verk til nytestamentleg gresk.¹⁷ Metodisk er det gammalhebraiske prosjektet meir avansert enn «Louw & Nida», men ein «Louw & Nida» til bibelhebraisk eller gammalhebraisk ville ha vore til god hjelp i det daglege arbeidet. For dei orda som er aktuelle i denne artikkelen, er det ikkje publisert spesielle bidrag i *The Semantics of Ancient Hebrew*. Eit hjelpemiddel til semantisk analyse av leksema i den hebraiske Bibelen er dei syntagmatiske og paradigmatiske opplysingane i *The Dictionary of Classical Hebrew*.¹⁸ Dette leksikonet omset דָּבַר med «pestilence» i tråd med tradisjonen. Dei semantiske opplysingane som er gitt til leksemet i dette leksikonet, har ikkje forårsaka ei ny omsetjing.

I ein semantisk analyse vil dei viktigaste to metodane vera syntagmatisk og paradigmatiske analyse. Ein syntagmatisk analyse gjennomgår ord som er brukte saman med דָּבַר, det tekniske uttrykket på engelsk er «collocations», eit uttrykk som på norsk blir kollokasjonar. La oss ta den syntagmatiske analysen først.

Dei viktigaste kollokasjonane for דָּבַר er desse verba, der Gud alltid er subjekt: Gud kan «slå» (פָּנַע, hif., נָכַח, hif.) med דָּבַר; Gud kan «senda» (שָׁלַח) eller «gi» (נָתַן) דָּבַר; Gud kan få דָּבַר til å «hengast» (דָּבַק) ved menneske; Gud kan «gjera ende på» (הָמַם, כָּלָה) menneske ved דָּבַר; Gud kan «heimsøkja» (פָּקַד) eller «jaga etter» (רָדַף) dei med דָּבַר; han kan «overgi» (סָגַר, hif.) dei til דָּבַר; han kan «dømme» (שָׁפַט) dei med דָּבַר; og דָּבַר kan føra til døden.

Ein del tekstar har דָּבַר som subjekt: Han kan «vera» (הָיָה) i landet, «komma» (בּוֹא) over, «komma over» (עָבַר) eller «fortæra» (אָכַל) menneske; דָּבַר kan «gå» (הִלֵּךְ). Menneske kan vera subjekt, og kan «falla» (נָפַל) for דָּבַר. Det er ingen eksempel på stopping eller hindring av דָּבַר, men מִנְפָּה kan bli stoppa (עָצַר, nif.) av Davids ofring (2 Sam 24,25; 1 Krøn 21,22) eller av Arons ofring (Num 17,13.15).

Stort sett er דָּבַר objekt for Guds handling, men i nokre få tilfelle er דָּבַר subjekt for eit verb, og då er det personifisert med verba «vera», «komma», «komma over», «fortæra» eller «gå». Ingen av verba som er brukte saman med דָּבַר, tyder «spreia», «spre seg», «breia seg ut» eller liknande. Dersom det var tale om ein smittsam sjukdom, pest eller byllepest, ville ein kunna venta slike verb.

I tilfellet דָּבַק, hifil, (Gud skal) «få דָּבַר til å hengast», Deut 28,21, kan det sjå ut til at ordet er ein omtale av noko varande, noko som heftar ved mennesket for ei stund. Men hifil-

13. Magnar Kartveit, *Rejoice, Dear Zion! Hebrew Construct Phrases with «Daughter» and «Virgin» as Nomen Regens* (BZAW 447; Berlin etc.: de Gruyter, 2013); Magnar Kartveit, «Reconsidering the 'New Covenant' in Jeremiah 31:31–34», i *The Book of Jeremiah: Composition, Reception, and Interpretation* (red. J.R. Lundbom, C.A. Evans og B.A. Anderson; Leiden: Brill, 2018), 149–69.

14. T. Muraoka (red.), *Semantics of Ancient Hebrew* (Abr-Nahrain Supplement Series 6; Louvain: Peeters, 1998), med introduksjon til prosjektet og bidrag til 13 leksem.

15. James K. Aitken, *The Semantics of Blessing and Cursing in Ancient Hebrew* (ANES Supplement 23; Louvain: Peeters, 2007); John E. Harley, *The Semantics of Ancient Hebrew Colour Lexemes* (ANES Supplement 33; Louvain: Peeters, 2010).

16. <https://www.sahd.div.ed.ac.uk/start>, lese 19. mai 2023. Jf. <https://www.otw-site.eu/en/sahd/>.

17. Johannes P. Louw og Eugene A. Nida (red.), *Greek-English Lexicon of the New Testament Based on Semantic Domains* (2. utg., bd. 1–2; New York: United Bible Societies, 1988, 1989).

18. David J.A. Clines (red.), *The Dictionary of Classical Hebrew* (bd. 1–9; Sheffield: Phoenix Press, 1993–2016). Av *The Dictionary of Classical Hebrew Revised* er hittil berre vol. 1 og 2 kome ut; dei dekkar א – ג.

formene som er brukte i Bibelen, kan ha durativ eller punktuell tyding, og det er difor vanskeleg å seia at bruken i Deut 28,21 er durativ.¹⁹

Sjølv om verba spelar den største rolla, er også adjektiv viktige. דָּבַר kan kombinerast med כָּבֵד מְאֹד, «veldig tung», og גָּדוֹל, «stor». Dette er ord som kan brukast saman med mange substantiv; dei gir ikkje spesiell støtte til «pest»-forståinga.

Det er altså ingen kollokasjonar som antydgar at דָּבַר kan spre seg eller koma som resultat av smitte. No kan vi rett nok lesa om «alle Egypts smittsomme sykdommer» i Bibel 2011 (Deut 7,15; 28,60, bokmål). På hebraisk står det berre «sjukdomar», og det er i den norske omsetjinga dei er smittsame. 78/85-omsetjinga og Bibel 2011 på nynorsk har «farsott», og frå ei farsott er vegen kort til ein smittsam sjukdom i bokmålsomsetjinga. På hebraisk finst ikkje noko ord for «smitte».

Den andre metoden for å finna tydingar for eit ord er den paradigmatiske analysen. Det beste er å finna synonym til ord. Full synonymitet er svært sjeldan, men ein kan finna tilnærma synonym. Der kan hebraisk poesi vera til hjelp fordi han brukar parallelle ledd.

Mykje av profetlitteraturen er poesi, slik som teofanien i Habakuk: «Føre han går pest, i hans fotefar fylgjer sott», לְפָנָיו יֵלֵךְ דָּבַר וַיִּצְאָ רֶשֶׁף לְרִגְלָיו (Hab 3,5). Parallellismen tilseier at det er ein viss synonymitet mellom דָּבַר og רֶשֶׁף. Dei andre ledda er tilnærma synonyme: «gå» (הֵלֵךְ) og «gå ut» (יָצָא), «føre han» (לְפָנָיו) og «for hans føter» (לְרִגְלָיו). I Bibel 2011 er «pest» og «sott» brukte som omsetjing for substantiva, men det er vanleg å oppfatta Resjef som ein demon eller gud. Dette er ikkje usannsynleg her heller, og dersom dei to substantiva overlappar i tyding, får også דָּבַר noko demonisk og personleg over seg. «Deber and Resheph must be seen, here too, as two personalized natural powers, submitted to Yahweh.»¹⁹ Deber og Resheph marsjerer ved Jahves side som hans hjelparar, og «[t]his follows the ancient Mesopotamian tradition according to which 'plague' and 'pestilence' are present in the entourage of the great god Marduk.»²⁰ Reshef er ein guddom i tekstar over heile den antikke Midtausten, og i GT opptrer han som ein av Jahves medhjelparar. Her er han enno personifisert, sjølv om det demoniske preget er avdempa.

I Mose avskilssong er Guds straff over det fråfalne Israel skildra mellom anna slik: «Kraftlause blir dei av svolt, tærest av pest og farleg sott», מִזֵּי רָעַב וּלְחָמִי רֶשֶׁף וְקִטְבַּת מְרִירִי (Deut 32,24). Straffa er i det fylgjande skildra med ville dyr og sverd, slik at vi får ein serie som liknar dei seriane av plager med דָּבַר som finst i GT (sjå nedanfor). I denne teksten er Resjef ein del av serien, ei oppramsing av personifiserte ulukker, der Resjef gir serien ein kontakt med utanombibelske tekstar. Dette inntrykket blir forsterka av Qeteb, omsett med «sott», som har eit mytologisk preg.²¹ I selskap med Resjef og Qeteb får også דָּבַר eit personleg og mytologisk preg. Akkurat som i Hab 3,5 er dei forskjellige delene av denne serien i teneste for Jahves straff.

Eit tredje tilfelle med poesi er spørsmåla innanfor domsorda i Hosea 13,14: «Død, kvar er din pest? Dødsrike, kvar er di sott?», אֲהֵי דְבַרְיֶךָ מוֹת אֲהֵי קִטְבֶּךָ שְׂאוּל. Også her er det parallelle ledd: דְבַרְיֶךָ svarar til קִטְבֶּךָ, og מוֹת svarar til שְׂאוּל. Qeteb står her parallelt til דָּבַר, og det gir teksten same preg som ein finn i Deut 32,24. Begge orda er i fleirtal, og det kan tolkast som ei dobbel rørsle: på den eine sida frå utanomisraelittiske guddomar eller demonar til eit meir konkret fenomen i eintal, og frå eit generisk «plage» i eintal til enkeltplager eller abstrakt tenking omkring plage i fleirtal.

19. Paolo Xella, «RESHEPH שֶׁרֶשֶׁפִּי», i *Dictionary of Deities and Demons in the Bible [DDD]* (2. utg.; red. K. van der Toorn, B. Becking og P.W. van der Horst; Leiden: Brill, 1999), 700–703 (703).

20. Gregorio del Olmo Lete, «DEBER דֵּבֵר», i *DDD*, 231–32 (232).

21. Nick Wyatt, «QETEB קִטְבַּת», i *DDD*, 673–74.

«Pest som legg i øyde», דָּבַר הוֹיָה, og «(du skal ikkje frykta) for pest som fer fram i mørkret, for plage som herjar ved middagstid», מִדְּבַר בְּאֵפֶל יְהוָה מִקִּטְבֵי שָׁמַיִם וְצָהָרִים, er brukt i Sal 91,3.6. I v. 3 står uttrykket parallelt til «fuglefangarens snare», som tyder på at דָּבַר her er sett som ein generell fare. I v. 6 står דָּבַר parallelt til Qeteb, akkurat som i Hos 13,14. Eintalsforma her er truleg den vanlege forma.

I desse poetiske tekstane møter vi דָּבַר i parallellismar med Resjef og Qeteb, som begge er namn på guddomar eller demonar i tekstar utanom Israel. Det er difor ikkje umogleg at דָּבַר også er ei personifisert plage, eventuelt med mytologisk preg, som ikkje kan omtalast som sjukdom i moderne forstand, og som difor ikkje kan omsetjast treffande med «pest». Her kan Davids folketeljing vera ein vegvisar.

Blant dei provoserande sider ved GT er forteljingane om at Gud sender «pest». Dette er eit sentralt tema i 2. Samuelsbok 24. 70 000 døde som straff for ei folketeljing er ute av alle proporsjonar. Der er דָּבַר brukt først, v. 13.15, så vekslar forteljinga til מַגֵּפָה, v. 21.25, mens Bibel 2011 brukar «pest» i alle fire tilfella. Dette kan oppfattast slik at דָּבַר, som er snevrare, kan omtalast med det breiare מַגֵּפָה, det første ordet er eit hyponym av det siste ordet. Då er det ikkje treffande å bruka «pest» i v. 21.25 i staden for «slag» eller tilsvarende hyperonym.

Forteljninga om folketeljinga er gjentatt med variasjonar i 1. Krønikebok 21. Også der er det først snakk om דָּבַר, v. 12.14, så om מַגֵּפָה, v. 22, i alle tre tilfelle omsett med «pest» i Bibel 2011. Denne versjonen av forteljinga har uttrykket «tre dagar med Herrens sverd og pest i landet», שְׁלֹשֶׁת יָמִים חָרַב יְהוָה וְדָבַר בְּאֶרֶץ, v. 12, og det er Herrens engel som står for øydelegginga (מִשְׁחִיתָ), den same som drap dei egyptiske førstefødde (Exod 12,23). Seinare i forteljinga er det Herrens engel som stoppar plaga ved å stikka sverdet i slira, 1 Krøn 21,27. Denne forståinga av דָּבַר fører heller i retning av brå død enn ein sjukdom. Verken dei førstefødde egyptarane eller israelittane under David fekk ei liding som førde til død. Dei vart drepne brått. 1. Krønikebok 21,12 er den eldste forklaringa på kva דָּבַר betyr: Herrens sverd, Herrens engel, med andre ord ein brå død utan sjukdom.

Det same er situasjonen i Numeri 25, der 24 000 døyr for avgudsdyrking, også ei straff som er utan proporsjonar. Her er מַגֵּפָה brukt i v. 8.9.18.19, og omsett med «pest» i Bibel 2011. I denne forteljinga om Pinhas, som gjennombora ein israelitt og ei moabittiske kvinne med eit spyd, er det først snakk om Herrens brennande vreide, og så om מַגֵּפָה. Her er altså eit hyperonym brukt, מַגֵּפָה, mens Bibel 2011 brukar eit hyponym, «pest». Men det er ikkje gitt at Herrens brennande vreide viste seg i pest; det er meir generelt å seia at det var eit slag eller ei brå plage med fatale konsekvensar. Salme 106 viser til denne forteljinga (v. 29.30) med ordet מַגֵּפָה, og omsetjinga i Bibel 2011 er den same som i Numeri 25: «pest».

Deuteronomium 28 beskriv velsigningane og forbanningane som kan koma over folket som lønn eller straff for å halda lova, og דָּבַר er ei av forbanningane. Ordet er del av ein lang serie forbanningar.

Eit interessant tilfelle er forteljinga der folket gjer opprør mot Moses og Aron etter at dei som har speida ut Kanaans land, har kome med ein dyster rapport (Num 14). Gud seier til Moses: «Lat meg slå dei med pest og driva dei bort! וְאָכַנּוּ בְדָבַר וְאָוֲרָשְׁנוּ, så vil eg gjera deg til eit folk som er større og mektigare enn dei» (Num 14,12; Bibel 2011). יִרַשׁ, hif., blir brukt om erobring eller om utdriving pluss erobring, og det er ofte brukt om Israels utdriving av kanaaneanarane og erobringa av Kanaan. Bruken i denne teksten er overraskande. Moses bed for folket med det argumentet at dersom Israel døyr der i øydemarka, vil folka rundt omkring seia at Gud ikkje var i stand til å føra folket inn i det lova landet. På Mose bønn tilgjev Gud, men fullfører likevel trusselen på den måten at alle vaksne døyr i øydemarka og får ikkje gå inn i landet, men neste generasjon får koma inn. Det er difor meir sannsynleg at יִרַשׁ, hif.,

skal omsetjast med: «Lat meg slå dei med דָּבַר, og gjera dei arvelause.»²² Sjølv med denne forståinga er samanstillinga av דָּבַר og יָרַשׁ påfallande. Dersom plaga er dødsfarleg, vil det vera unødvendig å gjera dei døde arvelause, så ei konsekutiv forståing er ikkje lett å anta. Heller kan det vera ein viss synonymitet mellom orda: folket blir slått med דָּבַר, og det er å gjera dei arvelause. Dette kan ikkje kallast synonym, sjølv om det skulle vera ei viss overlapping i tydinga av dei to orda.

I dette kapittelet førekjem מִנְפָּה, «slag», v. 37, om døden for dei spionane som hadde sett ut vonde rykte om det landet dei hadde utforska. Når Bibel 2011 i v. 37 brukar «pest», kan det henga saman med at Gud truar med דָּבַר i v. 12. Verbet נָכַח, hif., «slå», blir brukt saman med דָּבַר i v. 12, så den semantiske avstanden er ikkje stor mellom «slå med דָּבַר» og «slag», men døden for spionane er likevel meir upresis i TM enn i Bibel 2011. מִנְפָּה kan bli brukt om falne i krig (1 Sam 6,4; 17,9; 18,7) og er ikkje her brukt tilnærma synonymt med דָּבַר.

I forteljinga om Korahs opprør (Num 16) er det mot slutten tale om Herrens vreide som rasar mot den delen av israelittane som kritiserte Moses og Aron. Følgja av Herrens vreide er omtala som «slag» i v. 46–50, מִנְפָּה og נִגְף. Også her omset Bibel 2011 desse orda med «pest». TM brukar meir generelle termar, og det er tydeleg at effekten av Herrens vreide er rask, ikkje noko som strekkjer seg ut i tid.

דָּבַר opptrer ofte som eit av ledda i ein serie.²³ Dei egyptiske plagene består i at Nilen vert til blod, det kjem frosk, lus, insekt, דָּבַר, verkebyllar (שָׂחִי), hagl, grashopper, mørker, og første-fødde døyr (Exod 7–11). Ei slik lang rekkje ord kan innehalda דָּבַר, som opptrer saman med eit eller fleire av desse: «hunger», «sverd», «bortføring», «ville dyr», «blod», «hagl», «eld», «svovel», «tørke», «avlingssvikt», «grashopper», «fiendar», «sjukdom».

Ein kortare serie er דָּבַר, «hunger» og «sverd», og han opptrer ofte. I Davids folketeljing står valet mellom desse tre straffene, og David lar Gud bestemma, så det blir דָּבַר (2 Sam 24; 1 Krøn 21). Denne serien har blitt overtatt i NT: Op 6,8, jf. Luk 21,11, som har jordskjelv, hungersnaud og pest. Ein serie med tre element kan også vera «krig», «ulukke» og דָּבַר (Jer 28,8), דָּבַר, «blod» og «sverd» (Esek 28,23), sverd, villdyr og דָּבַר (Esek 33,27). Det kan også vera fire domshandlingar i ein serie: «sverd», «svolt», «villdyr» og דָּבַר (Esek 14,21).

Desse seriane viser korleis דָּבַר kan stå saman med ord for andre ulukker i stereotype vendingar. Det er ikkje gjenstand for omtale, like lite som dei andre orda. Samanstillinga med ord som beskriv varande tilstandar, slik som «krig», «ulukke», «hunger», «villdyr», kan peika i retning av at også דָּבַר refererer til ei vedvarande plage. Dette er likevel ikkje ein nødvendig konklusjon, fordi seriane med plager i domsord, og forbanningar ikkje konsekvent viser enten til varande tilstandar eller til punktuelle hendingar, men er ei blanding av begge.

Den paradigmatiske analysen viser det same som den syntagmatiske: דָּבַר er ikkje ord for ein smittsam sjukdom, men ei brå hending.

Denne semantiske analysen peikar i same retning som den eldste greske omsetjinga av den hebraiske teksten, den sokalla Septuaginta, som vart gjort frå om lag 250 f.Kr. til om lag 100 f.Kr. Denne omsetjinga brukar gjennomgåande θάνατος, «død», som omsetjing av דָּבַר. Ein kunne ha venta at omsetjarane hadde valt νόσος, «sjukdom», eller πλῆγη, «slag», eller πόνος, «smerte, liding», eller liknande ord, men ingen av desse er brukte. Nokre av Jeremia-tekstane manglar i Septuaginta (Jer 27,13; 29,17–18), og i nokre tilfelle brukar omsetjinga eit verb som betyr «døy», og der ville θάνατος vera pleonastisk, så ei omsetjing av

22. Martin Noth, *Numbers: A Commentary* (OTL; Philadelphia, PA: The Westminster Press, 1968), 99.

23. Günter Mayer, «דָּבַר *dæbær*», i *Theologisches Wörterbuch zum Alten Testament*, bind 2 (red. G.J. Botterweck og H. Ringgren; Stuttgart: Kohlhammer, 1977), 133–35.

דָּבָר manglar (Jer 21,9; 27,8 [Septuaginta: 34,8]; 32,24 [Septuaginta: 39,24]; 38,2 [Septuaginta: 45,2]; 42,17.22 [Septuaginta: 49,17.22]). I eitt tilfelle manglar det aktuelle uttrykket «ulukke og דָּבָר» i den greske teksten (Jer 28:8 [Septuaginta: 35,8]). Éin gong er דָּבָר omsett med ἀποστολή, «utsending», altså eksil, i samanhengen «sverd og hunger og eksil» (Jer 32,36 [Septuaginta: 39,36]). I fire tilfelle har Septuaginta lese דָּבָר i staden for דָּבָר, og omsett med δίκη, «dom», eller λόγος, «ord», eller πρᾶγμα, «sak» (Hos 13,14; Hab 3,5; Sal 91,3.6 [Septuaginta: 90,3.6]). Dei andre stadene er דָּבָר omsett med θάνατος. Den greske omsetjinga har altså stort sett gjengitt דָּבָר med «død», og signaliserer dermed at døden var det karakteristiske ved דָּבָר, ikkje ein sjukdom eller ei varande plage med dødeleg utgang.

Oppsummerande kan ein seia at

1. דָּבָר har ikkje ei tyding som refererer til ein diagnose som vi kjenner igjen i dag
2. ordet refererer til ei brå hending
3. ordet er ofte brukt i formlar
4. ordet er deuteronomistisk og profetisk
5. den greske omsetjinga brukar gjennomgåande «død» som omsetjing av דָּבָר, og 1 Krøn 21,12 omtalar דָּבָר som uttrykk for Herrens sverd
6. tilnærma synonym er Resjef og Qeter, som er namn på utanomisraelittiske guddommar eller demonar, og det gir også דָּבָר eit mytologisk preg